

Norges Vassdrags- og Energidirektorat

Uttale til heilskapleg prosess for handsaming av nett- og kraftutbygging i Finnmark (og Nord-Troms)

Bergen 08.01.2024

Viser til dialogmøte og brev av 24.11.2023 der NVE ber om innspel til prosessen for handsaming av nett- og kraftutbygging i Finnmark (og Nord-Troms).

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon har Den Norske Turistforening (DNT) eit stort ansvar for å bidra til å ivareta friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Intakt natur og velfungerande økosystemtenester er grunnlaget for gode naturopplevingar for oss og framtidige generasjonar. Naturforvaltning er derfor ein vesentleg del av DNT si kjerneverksemd. DNT sitt arbeid mot tap av natur og nedbygging av viktige natur-, kultur-, og friluftslivsverdiar er forankra både i vår formålsparagraf, og i vår rettleiar for natur, kulturarv og miljø.

I Finnmark og Nord-Troms har DNT fleire lokallag som blir påverka av dei ulike prosjekta: Alta og omegn turlag, Nordkapp og omegn turlag, Hammerfest og omegn turlag, Varangerhalvøya turlag, Sør-Varanger turlag og Nord-Troms turlag; men framfor alt vil utbygging i dette omfanget, og i fleire av desse områda, gå hardt ut over vår felles natur- friluftslivs- og kulturarv, derfor er dette ein uttale på vegne av heile organisasjonen.

DNT er svært uroa for den mengda fornybarutbygging som no ligg føre i Finnmark og Nord-Troms. Særleg med tanke på at det allereie er konsesjonar som ikkje er utbygd i landsdelen, at enkelte område har sokalla innestengd kraft, og at utbygging av både nett og nye kraftprosjekt vil råke særskilt sårbar natur, friluftslivsområde og samiske interesser – noko som har vist seg å vere mildt sagt konfliktfylt.

DNT vil og peike på Noregs forplikting gjennom naturavtalen til å bidra til ivaretaking av 30 prosent av jordas land-, ferskvass- og havområde innan 2030. Vi meiner det er avgjerande å følgje opp tilrådingane frå FN's klimapanel sin siste hovudrapport om å sikre robuste økosystem og naturmangfald, og vonar dette blir vektlagt når NVE no skal vurdere ei rekke konsesjonssaker i Nord-Troms og Finnmark. Intakt natur leverer essensielle funksjonar og økosystemtenester som bidreg til å dempe negative klimaeffektar på natur og samfunn. Naturtenester som mellom anna fordrøyning av vatn, binding av jord, og karbonlagring er heilt avhengig av at vi klarar å restaurere og bevare meir natur i framtida¹.

Regjeringas overordna mål for nordområdepolitikken² er mellom anna *heilskapleg og økosystembasert forvaltning*. DNT er ikkje trygg på at «kraft og industriløftet i Finnmark» og den varsla utbygginga er i samsvar med dette, all tid kunnskapsgrunnlaget for arktisk natur er mangelfullt. Det manglar også verktøy og metodar for vurdere den samla konsekvensen av nye

¹ Meld. St. 33 (2012–2013) punkt 8.1 ([regjeringen.no](https://www.regjeringen.no))

² Meld. St. 9 (2020-2021) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-9-20202021/id2787429/> (04.01.2124)

utbyggingar og påverknad frå klimaendringar i arktisk natur³. Det er ikkje tilstrekkeleg med enkeltvis konsekvensutgreiingar for å avdekke kva som er tolegrensa til naturen i nord på eit overordna nivå.


I tillegg er DNT uroa for kva konsekvensar ei mogleg massiv utbygging vil ha for urfolks og samiske rettigheter til tradisjonell natur- og kulturutøving. Prosessen må sikre vidareføring av samisk reindrift og andre samiske næringar, som grunnlag for samisk kultur, og unngå nye menneskerettsbrot. DNT vil sterkt rå i mot utbyggingsvedtak og prosessar som leiar til oreigning og førehandstiltreding.

Den heilskaplege prosessen for handsaming av nett- og kraftutbygging i Finnmark og Nord-Troms må legge til grunn eit anerkjent kunnskapsgrunnlag, og opne demokratiske plan- og konsesjonsprosessar med reel medverknadsmoglegheit.

Særlege verdiar i Nord-Troms og Finnmark

Intakt og inngrepsfri natur

Det vert stadig mindre inngrepsfri natur att i Noreg. I 2018 var berre 44 % av landarealet rekna som inngrepsfritt. Utbygging av vegar, vasskraft, vindkraft og nye kraftlinjer har stått for hovuddelen av reduksjonen i inngrepsfri natur sidan 2013. Inngrepsfrie naturområde som ligg meir enn fem km eller meir i frå tyngre tekniske inngrep vert rekna som villmarksprega, noko som berre utgjer 11,5 % av landarealet i Noreg i dag. I underkant av fem prosent er i Sør-Noreg. Dei største inngrepsfrie areala som er att er altså i Finnmark, men det er også her reduksjonen er størst.⁴



Bilete: Inngrepsfrie område i Troms og Finnmark⁵

³ COAT (Coat.no), presentasjon ved Rolf Anker Ims under konferansen, Natur i nord- Septentrionis natura 16.10.2023 Tromsø

⁴ Miljødirektoratet.no: <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/miljomal/naturmangfold/miljomal-1.1/miljoindikator-1.1.8> (21.12.23)

⁵ Miljødirektoratet – naturbase: <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase&layerTheme=null&scale=10240000&basemap=¢er=765189.9027803722%2C7145859.342338897&layers=31SNwc1Yxclr> (21.12.23)

Store samanhengande naturområde med urørt preg, inngrepsfri og villmarksprega natur har særskild betydning for naturmangfaldet. Mellom anna som leveområde og forflyttingskorridorar for artar som treng store eller uberørte område. Inngrepsfri natur blir derfor nytta som ein av fleire indikatorar for målet om at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester (miljømål 1.1). Nedgangen i inngrepsfri natur indikerer derfor ein utvikling som samla sett er negativ for naturmangfaldet. I tillegg er inngrepsfri natur viktig for reiseliv, klimatilpassing og friluftsliv⁶, særleg det enkle, tradisjonelle friluftslivet med mindre grad av tilrettelegging.

Fleire av dei innmeldte prosjekta i Finnmark og Nord-Troms ligg i nettopp villmarksprega og inngrepsfri natur, og det er svært uheldig om desse områda vert punktert og ytterlegare redusert. Det vert ofte vist til at det er eit mindre rikt naturmangfald i Nord-Noreg enn i Sør-Noreg, men dette skuldast mellom anna mangelfull kartlegging og at arktiske artar krev større areal.

Mangel på kvantitet er ikkje det same som fråvær av kvalitet, og dette er desto større grunn for å verne om dei store intakte områda for arktisk natur. INON bør derfor vere ein av dei viktigaste vurderingskriteria for om eit prosjekt er kurant eller ikkje. I tillegg bør ein vere merksam på den økologiske og friluftslivsmessige betydninga av store samanhengande område med urørt preg - altså område som gjerne har eit eller fleire inngrep frå før, som til dømes vasskraftverk, men som likevel har intakte natur- og opplevingskvalitetar. Her under etterspør DNT betre metodikk og vurderingar av sumverknader ved utbygging.



Truga- og prioriterte artar

Klimaendringane trugar den arktiske naturen, og halvparten av dei truga artane påverka av klimaendringar er knytt til fjellet, arktiske og alpine områder. Blant desse finn vi snøugle og fjellrev. Med aukande temperatur vil desse artane forsøke å tilpasse seg ved å flytte nordover og høgare opp i terrenget⁷. Det er kritisk viktig å beskytte naturen og større, samanhengande naturareal for å møte klimaendringane, i tillegg til å spare artane for den direkte påverknaden massiv utbygging vil medføre.

Dei nordlege fylka har og høgare andel *truga* artar som utgjer meir enn 25 prosent av den europeiske populasjonen, sokalla ansvarsartar, enn Sør-aust Noreg har. Dette heng saman med tilgang på store nok areal med naturtypen som desse artane lev i.

⁶ Miljødirektoratet.no: <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/miljomal/naturmangfold/miljomal-1.1/miljoindikator-1.1.8> (21.12.23)


⁷ Miljødirektoratet.no <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/klima/klimaendringer-i-norge/effekter-av-klimaendringer-pa-norsk-natur/> (05.01.2024)



Figur 1 - andel truga ansvarsartar fordelt på naturtype, figur 2 - tal truga ansvarsartar med kjent førekomst per fylke.⁸

IBA-område

Deretter vil vi også framheve IBA-område (Important Bird Areas), altså område som er særskild viktige for fugl. Her er det flere lokalitetar i Finnmark som i stor grad bør skånast for store utbyggingsprosjekt. Nokre av desse er underlagt formelt vern, medan andre ikkje er det. Dei er like fullt av avgjerande betydning for fuglebestandane.



Figur: IBA-område i Finnmark⁹.

⁸ Artsdatabanken (2021). Ansvarsarter – Rødlista i et europeisk perspektiv. Norsk rødliste for arter 2021. <https://www.artsdatabanken.no//rodlisterforarter2021/fordypning/ansvarsar>. (04.01.2024)

⁹ Birdlife.no <https://www.birdlife.no/prosjekter/iba/?id=1775> (04.01.2024)

Urfolksrettar og reinbeite

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) bestilte i 2018 reindriftsvurderingar av fylkesmannsembeta (no statsforvaltaren) i samband med nasjonal ramme for vindkraft i Norge. Rapporten konkluderer med at utbygging av vindkraftanlegg har store negative konsekvensar for reindriftsnæringa i regionen. DNT vil med dette sterkt oppmoda om at omsynet til urfolk og samiske interesser og bruk av områda, her under omsynet til reinbeitenæringa, blir ivareteke.

Karbonlagring og klimagassutslepp

Ved omfattande utbygging er det fare for eit samla negativt klimarekneskap. Sjølve anlegget og tilhøyrande infrastruktur vil påverke naturleg karbonopptak- og lagring i store areal, i tillegg kan anleggsarbeidet medføre direkte utslepp frå grunnen. Det er også på sin plass å nemne at ein ikkje må undervurdere karbonlagring i fjellnatur. NINA publiserte i 2020¹⁰ ein rapport viser at det er langt større karbonopptak i fjellnatur enn venta, samtidig som det framleis er store kunnskapshull om karbonfangst og -lagring i norske økosystem. Karbonutslepp frå utbygging av vindkraft er derfor vanskeleg å berekne, særleg i arktiske landskap (og beiteland). Dette taler for ei føre-var-tilnærming til utbygging i intakte naturområde i nord.

Friluftsliv

Definisjonen på friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving¹¹. Naturen er viktig både for den fysiske og psykiske helsa vår, og friluftsliv-deltakarar viser til betre helse og livskvalitet i ein ny rapport frå SSB¹². Miljødirektoratet viser til at friluftsliv er ein viktig del av det norske folkehelsearbeidet, og inngår i Noregs 24 miljømål. Eit av miljømåla handlar om å ta vare på viktige friluftsområde, leggje til rette for bruk, og bidra til at friluftsliv blir meir tilgjengeleg for alle¹³.

«Det å gå på tur er viktig for folks helse og livskvalitet, og det er et mål for friluftslivspolitikken at alle skal ha mulighet til å drive friluftsliv i nærmiljøet og naturen ellers. For å nå det nasjonale målet om at befolkningen skal utøve friluftsliv jevnlig, kreves god tilgang til turmuligheter og attraktive naturområder»¹⁴.

Store, samanhengande naturområde med urørt preg har stor verdi for naturmangfald, friluftsliv og landskapsopplevingar. Omsynet til store, samanhengande naturområde er viktig i nasjonal politikk. Slike område er omtalt i fleire meldingar frå regjeringa til Stortinget, og skildra som...;

«... naturområder som i kraft av sin størrelse, urørthet, beliggenhet og sammenheng er viktige for arealkrevende arter, som regional økologisk infrastruktur, for klimatilpasning og friluftsliv.»¹⁵

Viktige friluftslivsområde er derfor viktige å registrere og ta omsyn til ved vurderingar av utbygging. Her vil DNT påpeike at Friluftslivskartlegginga i Finnmark og deler av Nord-Troms er mangelfull. Det er fleire område som ikkje er inkludert i kommunane sin kartlegging av friluftslivsområder og

¹⁰ Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) 2020, Temahefte; 76b, Karbonlagring i norske økosystemer (revidert utgave). <https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2655582> (04.01.2024)

¹¹ Meld. St. 18 (2015–2016) *Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet*.

¹² SSB Rapporter 2023/31: *Friluftsliv i Norge - status og historisk utvikling*.

¹³ Miljødirektoratet.no https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2023/september-2023/-vi-ma-senke-terskelen-for-a-komme-seg-ut-i-naturen/?fbclid=IwAR2NNYrW6-Mt5VohMyGh_sMPbA_oQX2zW13jo30DSJLAXE-P2QSNmowZDbE (05.01.2024)

¹⁴ Miljødirektoratet, veileder M-1292/2019: *Plan for friluftslivets ferdselsårer*

¹⁵ Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet — Norsk handlingsplan for naturmangfold*

presentert i Miljødirektoratet sitt Naturbase kart¹⁶, samstundes er friluftslivsbruken i ein del område mangelfullt skildra. Dette er ein svakheit ved kunnskapsgrunnlaget på overordna nivå.

I tillegg er friluftslivet i landsdelen i større grad prega av det enkle og tradisjonelle friluftslivet, jakt, fiske og sanking, enn tilrettelagt friluftsliv, og hytte-til-hytte turar som i Sør-Noreg. Det enkle og tradisjonelle friluftslivet er sterkt knytt til natur- og landskapsopplevingar og er i stor grad avhengig av store intakte og villmarksprega naturområde.

Prioritering og tidleg avslag

NVE viser til *at prosjekter som ikke oppfyller definerte krav, eller gir særlig store virkninger blir nedprioritert. [...] Andre relevante prioriteringskriterier kan være virkninger for reindriftsnæringen og andre samiske interesser, miljøvirkninger, og nettkapasitet.*

DNT støtter NVE sin oppmoding om å kunne prioritere prosjekt, og meiner det er svært uheldig for den nye plan- og konsesjonsprosessen for vindkraft på land at det ikkje er innført rettsleg heimel for tidleg avslag til tross for at dette var varsla i vindkraftmeldinga¹⁷. Innmelding av 23 stk i stor grad umodne kraftprosjekt i Finnmark, understrekar betydninga av eit forutsigbart plan- og konsesjonssystem med føringar for kva prosjekt som er kurante. Den opne tilnærminga til lokalisering av ny fornybar energi som no vert praktisert bidreg til forslag om urealiserbare og konfliktfylte prosjekt og unødig ressursbruk for NVE. DNT vil på det sterkaste oppfordre OED og KDD, i samband med endringar av plan- og bygningslova og energilova for innlemming av bakkemontert solkraft, til å nytte moglegheita til å innføre føringar eller skrankar for lokalisering og tidleg avslag for både vind- og solkraft, slik fagmyndigheiten NVE etterspør.

Når det er sagt så meiner DNT at NVE bør snu på tilnærminga si – og at prosjekt som gjev særleg store negative verknader for miljøet og samiske interesser bør nedprioriterast i første runde, før ein gjer ein vidare vurdering av effekt i form av energiproduksjon. Vi vil anbefale NVE og kommunane i alle konsesjonssaker å legge til grunn miljø- og friluftslivsorganisasjonane si felles liste¹⁸ over natur-, kultur-, og friluftslivskriterium for å vurdere tidleg avslag og konsesjonstildeling.

Direkte konflikt med eller vesentleg forringing av desse områda bør utløyse tidleg avslag og/eller avslag på konsesjonstildeling (då nokre av konfliktane først vil bli avdekka i samband med KU). Det gjeld:

- *Verneområde og INON-områder med buffersoner*
- *Store samanhengande område med urørt preg, trua naturtypar, nasjonalt og regionalt viktige friluftslivsområde, og utvalgte kulturlandskap.*
- *IBA-område, viktige leveområde og trekkområde for ansvarsartar, truga og prioriterte artar som blant anna villrein.*
- *Myr og anna våtmark, torvmark og karbonrik skog.*

I tillegg må urfolk som tradisjonelt opererer i områda høyrast, og deira interesser må vektleggast og ivaretakast.

Kriteriesettet er ikkje meint å vere uttømmmande, det representerer nokre minimumsomsyn som bør ligge til grunn for «best practice» og helst forankrast juridisk. Det kan føreligge andre omsyn, til blant

¹⁶ <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase> (05.01.2024)

¹⁷ Meld. St. 28 (2019–2020) Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20192020/id2714775/?ch=1> (21.12.23)

¹⁸ Felles liste oversendt energi- og miljøkomiteen mai 2023. Utarbeid i samarbeid mellom Sabima, WWF, Norges Jeger- og fiskerforbund, BirdLife Norge, Naturvernforbundet, Norsk Friluftsliv, DNT

anna lokalt, eller regionalt viktige tema med meir som tilseier at ein utbygging ikkje er ynskja, men dette vil måtte vurderast i neste steg i kvar enkelt sak.

Ved at område som innehar desse gitte kriteria er slått fast som uynskja/ueigna for utbygging vil prosessen bli meir forutsigbar for både utbyggar, plan- og konsesjonsmyndigheit, og sivilsamfunnet. Alle involverte slepp med dette å kaste bort tid på prosjekt som truleg blir avvist, eller må klagehandsamast.

Lokal forankring

Våre foreiningar meiner og det er grunnlag for å vurdere utbyggingsaktørane si lokale forankring. Det er anerkjent at verksemdar med heilt eller delvis lokalt eigarskap eller lokal leiging lettare oppnår tillit og får til gode prosessar med lokale interessentar og aktørar, og bidreg til større grad av ringverknader i lokalsamfunnet over tid. Dette viser mellom anna erfaring frå Finnmark med Finnmark Kraft og Varanger Kraft. Profitt vil også førast tilbake til lokale eigarar og kommunar. Dette er bakgrunnen for at Finnmarkseigedommen som grunneigar prioriterer lokale og regionale selskap, og ikkje ynskjer å inngå grunneigaravtale med utanlandske selskap. Orreigning i slike tilfelle kan sette Finnmarkslova¹⁹ i spel og leie til nye konflikhtar.

Pakkehandsaming

Det er fleire måtar å løyse pakkehandsaming av prosjekt, det kan vere geografisk, at prosjekt innafor gitte område, eller med tilsvarande fysiografiske lokalisering (langs kysten/ på vidda etc) blir sett under eitt, eller tematisk, som store, små, umodne, modne etc. Felles for alle tilnærmingane er at ein må finne ein vurderingsform som er hensiktsmessig og som bidreg til måloppnåing – og her er det uklårt i brevet til NVE kva som er intensjonen. Det kjem fram at ein ikkje kan legge til rette/gje konsesjon for meir produksjon enn det er nettkapasitet til. Ut over det er det få kriterier. Kraftbehovet til Melkøya kan som omtalt i dialogmøte 04.01.24 dekkast av eksisterande kraft.

Utfordringa med pakkebehandling er at det lett kan leie til forventning om at minst eit eller to prosjekt går vidare frå kvar «pakke». Noko som ikkje naudsynt er det same som at dei beste prosjekta går vidare, eller at dei verste blir avslått. Det vil og vere uheldig om dei mest modne prosjekta går vidare, ettersom det no føreligg tidleg varsla prosjekt som kan vere meir gunstige på sikt. Det må vere ein klar føresetnad for pakkehandsaming at det ikkje er forskottert vidareføring av prosjekt i kvar pakke, og at alle pakkar skal vurderast objektivt.

Her under vil DNT minne om at naturen og øvrige ikkje-prissette-verdiar etter vindkraftmeldinga²⁰ skal vektleggast tyngre i vurderingar av samfunnsøkonomiske interesser enn under det gamle konsesjonssystemet:

Strengere krav til utredningar og sterkere vektlegging av virkningar for landskap og miljø, samfunn og naboer

Norge har verdifull og variert natur og landskap som det er viktig å ta vare på. Kravene til utredningar av virkningene av vindkraft skal oppdateres. Virkningar for miljø, naboer og

¹⁹ Finnmarksloven er en norsk lov om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark. Lovens formål er å legge til rette for at grunn og naturressurser i Finnmark forvaltes på en balansert og økologisk bærekraftig måte til beste for innbyggerne i fylket og særlig som grunnlag for samisk kultur, reindrift, utmarksbruk, næringsutøvelse og samfunnsliv.

Lovdata.no: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-85> (05.01.2024)

²⁰ Meld. St. 28 (2019–2020) Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20192020/id2714775/?ch=1> (21.12.23)

annen virksomhet skal beskrives tydelig og vektlegges sterkere. Et styrket kunnskapsgrunnlag gir et bedre grunnlag for å vurdere virkninger. Grunnlaget for vurderingene av samlet miljøbelastning vil bli styrket ved en samlet regionvis konsesjonsbehandling. Fylkesmannen skal rådføres når det gjelder konsekvensutredningsprogrammene og oppfølgingen av disse. Det må være tydeligere for alle involverte hvilke krav som er satt til utbygger av et vindkraftverk. En større krets av naboer skal få komme mer aktivt med i konsesjonsprosessen. Regjeringen vil legge fram forslag om nye lovbestemmelser om tidlig avslag for prosjekter som det ikke er grunnlag for å videreføre til full konsesjonsbehandling.

Styrket grunnlag for samfunnsøkonomiske vurderinger

Regjeringen vil styrke beslutningsgrunnlaget for konsesjonsbehandlingen. Grunnlaget for å vurdere samfunnsøkonomisk lønnsomhet av enkeltprosjekter skal styrkes. Fordeler og ulemper ved vindkraft skal synliggjøres og avveies på en så åpen og tydelig måte som mulig. Bedriftsøkonomisk lønnsomhet og andre fordeler skal avveies mot kostnader for samfunnet i form av blant annet redusert verdi av områder til rekreasjon, redusert naturmangfold og landskapsinngrep. Det vil bli stilt tydeligere krav til utbygger om å synliggjøre samfunnsøkonomisk lønnsomhet av tiltakene.

I vindkraftmeldinga kjem det også fram at «en større krets av naboer skal få komme mer aktivt med i konsesjonsprosessen», noko som taler for ryddigare og helst parallelle medverknadsprosesser. Vidare viser vindkraftmeldinga til ein intensjon om innføring av lovføresegner om tidleg avslag. Sjølv om dette ikkje er operasjonalisert, bør ein legge det til grunn som praksis slik NVE ynskjer, basert på kriteria som DNT har presentert over.

DNT sin tilråding til heilskapleg prosess for handsaming av fornybarprosjekt i Finnmark og Nord-Troms

DNT foreslår ei todelt tilnærming. Først ein grovsiling av dei prosjekta som bør oppfordrast til å trekke seg (tidleg avslag) basert på 1. Konsekvensar for natur, miljø, friluftsliv, og samiske interesser, og 2. Drifts- og produksjonsføresetnader.

Deretter, vurdere ulike pakkelløysingar. DNT vil tilrå å sjå alle utvidings- og fortettingsprosjekt som ikkje medfører vesentlege nye naturinngrep, konflikt med reinbeitenæringa, reduksjon i INON eller uforholdsmessige sumverknader under eitt. Gitt avgrensingar i nettkapasiteten og ei nøktern tilnærming til faktisk nytt energibehov kan det tenkast at desse prosjekta kan vere hensiktsmessige å prioritere framfor nye prosjekt i inngrepsfri natur utan eksisterande tilkopling til sentralnettet.

Utover dette vil ikkje DNT ta på seg å meine noko om drifts- og produksjonsføresetnadene for dei enkelte prosjekta, men vil løfte fram kva prosjekt som etter vårt skjønn kvalifiserer til tidleg avslag basert på verknadene for natur, miljø, friluftsliv og samiske interesser. Dette inneberer på ingen måte at vi anbefaler utbygging av dei øvrige prosjekta, vi legger til grunn at dei resterande må vurderast og kartleggast vidare med tanke på presis lokalisering, konsekvensutgreiing, energitekniske løysingar, ROS-analyse og meir før eventuell innstilling.

DNT sin vurdering – og oppmodinga om innspel frå NVE er vanskeleggjort av at informasjonen om dei nye prosjekta er svært mangelfull. I fleire tilfelle er det ikkje publisert lokalisering eller kart over anlegga, noko som medfører stor usikkerheit, både i lokalbefolkninga, og i forhold til våre vurderingar av kriterium og pakkelløysingar. Dette er ikkje til fordel for medverknadsprosessen. I mange saker er det ikkje offentleggjort tilstrekkeleg informasjon eller skildringar av prosjekta til at vi kan ta standpunkt, og derav kan det hende lista under burde ha inkludert fleire prosjekt. Vi vil ta eit

særleg atterhald i høve vasskraftprosjekta som ikkje er nemnt i tabellen då desse kan vise seg å vere svært negative for vassdragsøkologien med meir.

Dei fleste av prosjekta på den utsendte lista frå NVE medfører nedbygging av INON-område, med unntak av nokre utvidings- og fortettingsprosjekt som allereie har forringa omkringliggjande natur- og friluftslivsområde, samt reinbeiteland. DNT har likevel gjort ein vurdering av prosjekt som kjem i konflikt med fleire av kriteriesetta vi har presentert, og/eller er lagt til særskild verdifulle friluftslivsområde, eller villmarksprega natur. Fylgjande meiner vi derfor representerer så omfattande konsekvensar at dei bør få tidleg avslag, eller oppfordrast om å trekkje seg.

Prosjekt:		Natur, miljø og friluftslivskonflikter: (stikkordsbasert – ikkje uttømmende)
Davvi	Lebesby	INON villmark ²¹ - Noregs nest største inngrepsfrie naturområde. Viktig for fleire arktiske artar. Tradisjonelt friluftsliv. Reindriftsområde
Laksefjorden	Lebesby	INON 1, 2 og villmark. Viktige fiskevatn
Sandfjellet	Gamvik	INON villmark. Verna vassdrag – Risfjordelva (1993) ²² IBA-område/verneplan for sjøfugl (1983) ²³ Observerte snøugle Reindriftsområde
Digermulen	Gamvik	Inngrepsfri sone 2, 1 og villmark Randsone til verneområde - Langfjorddalen naturreservat, verneplan for edellauvskog og rike lauvskoger ²⁴ . Nedslagsfelt til rik fiskeelv med laks, aure og sjøørret Mykje nytta område for jakt og fiske Reindriftsområde
Skallhalsen	Vadsø	Delvis inngrepsfri sone 2. Nær Varangerhalvøya nasjonalpark ²⁵ IBA-område/nær Ekkerøya naturreservat ²⁶ Ved/nær svært viktig friluftslivsområde - Trettenvannan ²⁷ + fleire viktige friluftslivsområde. Reindriftsområde
Nordre Sørøya	Hammerfest	INON 1 og 2 Særlege landskapskvalitetar DNTs vandresti Sørøya på langs Reindriftsområde
Lauvvikfjellet	Nordkapp	INON 1, 2 og villmark Stort turområde med tilrettelegging ²⁸ Tursti ved Nordkapp DNT

²¹ Inngrepsfritt område meir enn 5 km frå tyngre tekniske installasjonar. Villmarksprega natur.

Miljødirektoratet

²² NVE.no <https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdragsforvaltning/verneplan-for-vassdrag/troms-og-finnmark/231-1-risfjordelva-r%C3%A1%C5%A1%C5%A1%C3%A1vuolesjohka/> (03.01.2024)

²³ <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00000063> (03.01.2024)

²⁴ <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00002502> (03.01.2024)

²⁵ <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00002437> (03.01.2024)

²⁶ <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00000058> (03.01.2024)

²⁷ <https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00017742> (03.01.2024)

²⁸ <https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00038000> (03.01.2024)

		Reindriftsområde
Nipfjellet	Måsøy	INON 2. Svært viktig friluftslivsområde ²⁹ Reindriftsområde
Stjernøya	Alta, Hasvik og Loppa	Stor del INON – villmark Nær Lopp havet marine verneområde ³⁰ Særlege landskapskvalitetar. Veldig kupert – medfører svært store inngrep Reindriftsområde
Olmmaraisa	Kvænangen	Delvis INON og større naturområde med urørt preg I/ved svært viktig friluftslivsområde ³¹ . Kjente fiskevatn Viktige landskapskvaliteter I randsona til Reisa nasjonalpark og Kvænangsbotn og Navitdalen landskapsvernområder. Reindriftsområde
Doares	Nordreisa	Registrert stort friluftslivsområde uten tilrettelegging. Skuterløype Fjellrevområde ³² Observert snøugle Reindriftsområde
Guoláš kraftverk, utvidelse	Kåfjord	Svært viktig, og viktig friluftslivsområde ³³³⁴ - elva nyttast til padling og er eit landskapselement av betydning Artsrikt område Reindriftsområde

Framdriftsplaner, parallell handsaming og medverknadsprosess

DNT meiner det er fordelaktig med tydelege og forutsigbare framdriftsplaner, og ikkje minst parallelle løp for planprosessen og konsesjonsprosessen.

Vi har lenge etterspurt ei forskrift for fornybarproduksjon (for vindkraft på land, bakkemontert solkraft og hybridanlegg) med tydelegare sakhandsamingsreglar, definerte omsyn til natur-, kultur- og friluftslivsverdiar, inklusiv kriterium for tidleg avslag og konsesjonstildeling, samt retningslinjer for samordning mellom myndigheiter, sektorlovverk og internasjonale direktiv og konvensjonar. Uavhengig av når ei slik forskrift eller ein omfattande rettleiar vil føreligge er DNT trygge på at NVE er dei beste til å leie desse prosessane i samråd med kommunane.

Prosessane må ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt, med til dømes private moglegheitsstudier, langdryge og uryddige prosessar og unødig belastning på sivilsamfunnet. Grunneigarar, naboar, innbyggjarar, lag og frivillige organisasjonar har ikkje kapasitet til å engasjere seg i den eine prosessen etter den andre, sjølv om det i stor grad råkar ved deira levestett, levekår og framtid. Myndigheitene må ha stor respekt for den belastninga det er å stå ovanfor eit så overveldande stort utbyggingspress som no er førelagt. Pakkehandsaming, med parallelle prosessar

²⁹ <https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00039654> (03.01.2024)

³⁰ <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00003745> (03.01.2024)

³¹ <https://www.kvanangen.kommune.no/kartlegging-og-verdsetting-av-friluftsomraader.6333046-423191.html> (05.01.2024)

³² <https://www.nina.no/Om-NINA/Aktuelt/Nyheter/article/reisa-knytter-fjellrevene-sammen> (05.01.2024)

³³ <https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00016337> (03.01.2024)

³⁴ <https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00016332> (03.01.2024)

og reell medverknadsmoglegheit er derfor hensiktsmessig for å oppnå mest mogleg ryddig plan- og konsesjonshandsaming.

Samtidig bør NVE legge opp til lengre tidsfrister enn hittil i prosessen for Finnmark. OED er ikkje tent med å forsere konsesjonshandsaming av prosjekt i nord, dette vil gå på kostnad av medverknadsprosessar, moglegvis kunnskapsinnhenting, og kan forsterke konflikter knytt til mellom anna reindrift og kulturutøving. Høyringsfristar, møteinnkallingar, og andre milepælar må skje med tilstrekkeleg varsel så lag og organisasjonar får områdd seg. Her er det naturleg å sjå til prosesskrava i plan og bygningsloven og god praksis i plansaker, samt forvaltningslova. DNT vil vise til myndigheitene sitt særlege ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev særskild tilrettelegging, her under barn og unge jf pbl § 5-1.

Høyringar må vare i minimum seks veker, og i tilfelle kollisjon med ferier bør høyringsfristen utvidast med minimum to veker. Vi ber også NVE vere merksam på at utlegging av høyringsdokument må annonserast godt, både på kommunens, plankonsulent, utbyggjar og NVE sin heimesider, samt i lokalaviser, med eit lesbart og informativt kartgrunnlag.

Alle dokument i sakene bør ligge lett tilgjengelege på kommunen og NVE sine heimesider (ikkje e-innsyn) med logiske titlar og kronologisk rekkefølge. Kommunen kan med fordel samle aktuelle kraftsaker under eigne faner/sider så ein slepp søke i postlister og sakssystemet. Dette vil senke terskelen for innsyn og medverknad frå sivilsamfunnet.

Innkalling til folkemøte og synfaringar må også skje med god varsel og så tidleg i prosessen at det er rom for reel påverknad. NVE bør bidra til å opprette ein kultur blant kommune, utbyggjar og plankonsulentar der det er endringsvilje i prosjekta og prosessen. Slik kan vi få til løysingar som tek omsyn til natur, kultur og friluftsliv.

Med helsing

Per Hanasand
Styreleiar
Den Norske Turistforening

Dag Terje Klarp Solvang
Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Siren Juliussen
Rådgjevar
Den Norske Turistforening